
Saksnr: 2022/20523-10
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		23.05.2023
Hovudutval for opplæring og kompetanse		23.05.2023
Hovudutval for næring		30.05.2023
Fylkesutvalet		06.06.2023
Fylkestinget		13.06.2023

Temaplan breiband og digitalisering 2023 - 2029

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkesting vedtek «*Temaplan breiband og digitalisering for Vestland fylke 2023-2029*». Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjøre mindre tekstlege og grafiske endringar.
2. Under fylkestinget si handsaming av budsjett for 2023 (PS 127/2022) den 14. desember 2022 vart det vedtatt følgjande verbalpunkt:

«15. Alle hushaldar i Vestland skal ha tilgang til høghastigheitsbreiband og til 100 prosent mobildekning. Fylkestinget ser positivt på den auka satsinga på dette frå regjeringa. Dersom det er behov for ytterlegare midlar for å imøtekomma søknader i 2023, vil fylkestinget komma tilbake på eigna måte»

Digital infrastruktur er eit statleg ansvar. Eventuelle meirbehov vil bli vurdert i samband med budsjett 2024.

3. «*Temaplan breiband og digitalisering for Vestland fylke 2023-2029*» vert oversendt til departementa, KS og NHO som innspel til arbeidet med ny nasjonal digitaliseringsstrategi, som etter planen skal vere klar i løpet av første halvår 2024.

Samandrag

Fylkestinget i Vestland gjorde 16. juni 2021 vedtak om å få utarbeidd ein temaplan for breiband og digitalisering. Saka inneheld framlegg til ein plan som skal sikre at arbeidet knytt til digital infrastruktur og digitalisering blir samordna, legge føringar for verkemiddel som blir forvalta i fylket, og peike på moglegheiter og utfordringar når det gjeld digitalisering. «*Temaplan for breiband og digitalisering i Vestland 2023-2029*» er eit resultat av utstrekt samarbeid og brei involvering frå kommunar,

næringsliv og sentrale samfunnsaktører på regionalt nivå. Planen har vore til høyring i seks veker, og det kom inn til saman 21 høyringsinnspel frå 20 ulike avsendarar. Høyringsinnspela er vurdert, og fleire av dei er teke omsyn til i det endelege planutkastet. I saka er det forslag om å setja av ressursar til oppfølging av temaplanen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
næring, plan og innovasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

1. *Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029*
2. *Høyringsinnspel til temaplanen*
3. *Strategi for DIGITAL - innspel frå Vestland fylkeskommune*
4. *Innspel frå Nasjonalt Breibandråd til revidert nasjonal datasenterstrategi*

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for planarbeidet er fylkestinget sitt vedtak i juni 2021 knytt til «*Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*» (PS 38/2021). Vidare vedtok fylkestinget at det skulle startast opp arbeid med fire temaplanar, og ein av desse er temaplanen for breiband og digitalisering.

Fylkesutvalet vedtok oppstart av arbeidet med temaplan for breiband og digitalisering 5. april 2022 (PS 74/2022), med tillegg om at desentralisering skulle inn som samfunns mål. I vedtaket gjekk det fram at temaplanen skal vera førande for Vestland fylkeskommune sine verkemiddel knytt til digital infrastruktur. Den skal også vera førande for Vestland fylkeskommune og den regionale partnerskapen sitt strategiske arbeid knytt til:

- digital infrastruktur – både fast og trådløs
- digital verdiskaping og innovasjon
- digitalisering av samfunnet

I november 2022 vart hovudutval for næring varsla om at det var behov for forlenga planperiode for temaplanen (RS 52/2022), og at ein dermed ikkje rakk fylkestinget i mars 2023. Årsaka var endra rammevilkår på nasjonalt nivå som påverka tilskotsordninga til breiband, samt endringar i det nasjonale verkemiddelapparatet når det gjeld digitalisering.

Undervegs i planarbeidet har det kome fram at også «*digital kompetanse*» må inn som eit sentralt element i temaplanen, til liks med dei tre andre satsingsområda. Med bakgrunn i dette er det prioritert fire satsingsområde i temaplanen:

- digital infrastruktur – både fast og trådløs
- digitalisering av samfunnet
- digital kompetanse
- digital verdiskaping og innovasjon

Fylkesutvalet vedtok 8. mars 2023 (PS 40/2023) å senda «*Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029*» ut på høyring 10. mars 2023, med høyringsfrist 14. april 2023. Høyringsfristen vart seinare utvida til 21. april, etter ynskje frå ein av høyringsaktørane, slik at høyringsperioden vart seks veker.

Som grunnlag for planarbeidet ligg det også ei bestilling frå fylkestinget 17. desember 2019. I samband med handsaminga av PS 14/2019 Budsjett 2020/Økonomiplan 2020-2023 i fylkestinget vart det då vedtatt følgjande verbalpunkt:

«God tilgang til høghastighets-breiband og 100% mobildekking er påkravd infrastruktur for busetnad og næringsliv. Fylkestinget ber om ei sak med oversikt over kva stader som ikkje har fått god breibands- og mobildekking, og ein plan for korleis vi kan få det til.»

Vestland fylkeskommune har kartlagt alle bustader, verksemder, offentlege bygg og fritidsbustader i fylket med manglande dekning. Kartlegginga er utført i samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom), kommunane i Vestland og leverandørane av breiband. Då kartlegginga inneheld informasjon om breibandaktørane sine kundelister, kommersielle planar for utbygging og bedriftssensitiv informasjon er datagrunnlaget unntatt frå offentlegheit etter offentlegheitslova §13, jf. forvaltningslova §13 1. ledd nr 2. Dette er ikkje til hinder for at filene kan delast kommunar i fylket, men dei kan ikkje formidlast til breibandaktørar, andre private, eller leggjast inn i opne kartløyningar. Informasjonen er lagt inn i fylkesatlas, og blir brukt som internt arbeidsverktøy i samarbeidet med kommunane for å lokalisera framtidige utbyggingsprosjekt.

Eit anna vedtak som er relevant for planarbeidet Vestland fylkesutval si handsaming av PS 37/2019 Høyring om endringar i «*Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomlova)*» og «*Forskrift om elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonstjeneste (ekomforskriften)*»:

«Digital allemannsrett» i form av tilgang til digital infrastruktur, internett og digitale tenester er heilt avgjerande for at alle delar av befolkninga skal kunne ta del i samfunnsutviklinga. Vestland fylkeskommune meiner difor det bør innførast leveringsplikt for breiband til alle innbyggjarane, uansett kor dei bur i fylket.

Planen sitt formål

Som ein del av regionreforma har Vestland fylkeskommune forvaltningsansvaret for offentleg støtte til breiband-utbygging løyvd over statsbudsjettet, og eit overordna koordineringsansvar for regional kompetansepolitikk i fylket. Fylkeskommunen som regional samfunnsutviklar skal ta ansvar for ei heilskapleg og ønska utvikling i eige fylke. Samfunnsutvikling handlar om summen av innsats retta mot blant annet klima og miljø, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Sentrale oppgåver når det gjeld den regionale rolla som samfunnsutviklar er:

- å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold
- å mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Den digitale teknologien endrar samfunnet radikalt, og digitaliseringa er gjennomgripande i kvardagsliv, utdanning og yrkesliv. Regionalutvikling og digitalisering heng saman, og digitalisering er ein føresetnad for å nå mål sett i Vestland fylkeskommune, og den regionale partnerskapen sine planar. Vestland skal ha ein digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester, vi skal saman utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn, og vi skal saman legge til rette for trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.


I kortform betyr dette at «*Temaplan for breiband og digitalisering i Vestland 2023-2029*» skal sikre at arbeidet knytt til digital infrastruktur og digitalisering blir samordna, legge føringar for verkemiddel som blir forvalta i fylket og peike på moglegheiter og utfordringar når det gjeld digitalisering på kort og lang sikt.

Digitalisering, berekraft og kopling til andre planar

Digitalisering og berekraft går hand i hand i det som kallast tvillingtransformasjonen. Teknologiar som kunstig intelligens (KI), maskinlæring, blokkjede og sky, er til hjelp for industri-verksemder som vil kutte utslepp frå forretningsprosessar og verdikjeder. Teknologiane bidrar til å sikre meir effektiv bruk av ressursar gjennom auka produktivitet og redusert svinn.

Norge og ei rekkje EU-land har gått saman om ei erklæring som forpliktar landa til å jobbe for ein grøn og digital transformasjon. EUs digitaliseringsstrategi frå februar 2020 er eit uttrykk for at det digitale og det grønne skiftet må vere integrerte storleikar i EUs politikk, og gjensidig støtte opp om kvarandre og måla i [Europas grønne giv \(Green Deal\)](#). Den grønne given angir retninga, og digitale teknologiar må utnyttast betre som dei kraftfulle verktyøya for endring som dei er.

Strategien nedfeller tre overordna mål om at den digitale utviklinga skal verke til fordel for menneske og miljø, vere i tråd med samfunnsverdiar og fremje måla om ein berekraftig, klimanøytral og ressurseffektiv økonomi. Digitalisering og bruk av ny teknologi, irekna betre utnytting av data, vil stå heilt sentralt for å nå målet om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030, og eit klimanøytralt Europa innan 2050 (sjå figur under).



Temaplanen er forankra i «[Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033](#)», som vart vedteken av Vestland fylkesting 16. juni 2021. Den regionale planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Planen har fire sentrale satsingar og målsetjingar, som alle er påverka av den raskt aukande digitaliseringa:

- **Grøn næringsutvikling** – Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030
- **Innovative og inkluderande samfunn** – Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket
- **Areal til næringsutvikling** – Rett areal til rett føremål til rett tid
- **Kompetanseutvikling i arbeidslivet** – Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

Framtidas tenestebehov krev nye arbeidsmetodar og auka bruk av digital teknologi. Endra økonomiske rammevilkår krev at offentleg sektor må jobbe smartare, effektivisere, innovere og digitalisere. I næringslivet kan ny teknologi og nye forretningsmodellar leggja til rette for innovasjon og sirkulære forretningsmodellar. Digitale løysingar kan leggja til rette for betre kunnskapsdeling og nye tenester. Nye arbeidsplassar oppstår i stor grad der det vert levert produkt og tenester som stør digitalisering. På same måte vil digitaliseringa krevje industriell produksjon, kompetanse og omstilling av eksisterande industri. Eitt av Vestland fylkeskommune sine initiativ for å møte desse utfordringane er satsinga på [Grøn Region Vestland](#).

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Dei gjeld for alle land og er vegvisarar for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. Når det gjeld FN sine berekraftmål vil planen legge til rette for langsiktig og berekraftig verdiskaping, og særleg bidra til å nå følgjande tre berekraftmål:

- Berekraftsmål nr. 11 som handlar om å gjera byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige.
- Berekraftsmål nr. 9 om innovasjon og infrastruktur er sentralt i temaplanen. Digital infrastruktur er grunnleggjande for at eit samfunn skal fungere. Det er ein føresetning for verdiskaping og produktivitet, og for forbetringar i utdannings- og helsetilbod. Framtidig infrastruktur må utviklast på en smart og miljøvenleg måte, og i samarbeid med andre.
- Berekraftsmål nr. 17 som handlar om samarbeid for å nå berekraftsmåla. Myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunn må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling og forme nye og sterke partnaraskap.

Organisering av planarbeidet

Prosjekteigar og oppdragsgjevar: Bård Sandal – avdelingsdirektør for næring, plan og innovasjon
 Prosjektansvarleg: Heidi Bjønnes Larsen – leiar NPI Innovasjonsinfrastruktur
 Prosjektleiar: Hans Inge Gloppen – seniorrådgjevar NPI Innovasjonsinfrastruktur

Temaplan for breiband og digitalisering 2023 – 2029 er arbeid fram av:

- Ingjerd Skogseid (seniorrådgjevar NPI Innovasjonsinfrastruktur)
- Nikolai Park Foss (rådgjevar NPI - Forsking, kompetanse og internasjonalisering)
- Kai Henrik Jordalen (rådgjevar IDI – Digitalisering)
- Ivar Petter Grøtte (IT Forum Vest)
- Kristin Arnestad (seniorrådgjevar NPI Innovasjonsinfrastruktur)
- Kristin Iversen (seniorrådgjevar NPI - Forsking, kompetanse og internasjonalisering)
- Katrine Wilson (seniorrådgjevar innkjøpsseksjon avdeling for organisasjon og økonomi).

Deltaking og involvering

Arbeidsgruppa har vore samla til faste møter kvar måndag, med unntak av ferievekene, sidan planarbeidet starta i juni 2022. På nokre av møta er det henta inn ekstern kompetanse avhengig av tema og behov. Av desse kan det nemnast:

- DigiVestland – overordna plan, orientering om planarbeid
- IT-forum Vest- overordna plan
- Det norsk sekretariatet for DIGITAL – verdiskaping og innovasjon, EU-program
- Viken fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune – koordinering av arbeidet med EDIHane

- DIH Oceanoolis og DIH Nemonoor – rigg av verkemiddel rundt DIGITAL
- Eviny – datasenterindustri, DIGITAL
- Statsforvaltaren i Vestland – beredskap og sikkerheit, digital infrastruktur
- E-helse Vestland – digitale helsetenester

Oversikt over status for den digitale infrastrukturen er basert på fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar for offentlig støtte til breibandutbygging løyvd over statsbudsjettet. Dette er eit verkemiddel for å stimulere til utbygging av breiband i område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut digital infrastruktur. Utgangspunkt for arbeidet er hovudutval for næring si prioritering av områder som skal byggjast ut.

Forvaltningsansvaret for offentlig støtte til breiband inneber at fylkeskommunen saman med kommunane lagar kravspesifikasjonar og konkurransegrunnlag som blir lyst ut på Doffin. Dette blir følgd opp med kontraktsforhandlingar med nasjonale og regionale leverandørar av breiband. Undervegs i planarbeidet har det vore tett kontakt med følgjande aktørar for å kartleggja den digitale infrastrukturen i Vestland:

- **Møter med kommunane** Alver, Askvoll, Aurland, Bergen, Bjørnafjorden, Bremanger, Eidfjord, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Kvinnherad, Luster, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Solund, Stad, Stord, Sunnfjord, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss, Øygarden og Årdal.
- **Møter med forvaltning:** [BCO-nettverket](#) (EU), [DigiVestland](#), [EEA EFTA Forum](#), Invest in Bergen, KDD, KS, Nasjonalt Breibandråd (alle fylka) og Nkom.
- **Møter med breibandaktørane:** Bergen Fiber AS, Enivest AS, Eviny AS, Eviny Breiband AS, Haugaland Kraft Fiber AS, Homenet AS, ICE, Kvamnett AS, Kvinnherad Breiband AS, Nettstar AS, Okap ASi, Signify Norway AS, Sognekraft AS, Telenor, Telia og Voss Fiber AS.

Undervegs i planprosessen har medlemmer i arbeidsgruppa deltatt på fleire arenaer, anten for å informere om planarbeidet, presentere høyringsforslaget, eller få orienteringar om kva som skjer på fagområdet. Blant desse er:

- Digitaliseringskonferansen 2022 – fleire korte møter med sentrale aktørar
- BCO-nettverket – digitalt møte om nytt EU-regelverk
- Nasjonalt Breibandråd – administrativt samarbeid for alle fylkeskommunane, Nkom og KDD
- Aker sin digitaliseringsdag – maskinlæring, digitalisering m.m.
- Nkom Agenda 2022 – nasjonal samling for bransje og forvaltning
- FOU-forum – presentasjon av planarbeidet
- Telecom World, Frankfurt – fagsamling for den norske telecom-bransjen
- UiB AI – Universitetet i Bergen si fagsamling om innovasjon og kunstig intelligens
- IT-forum Vest-konferansen – presentasjon av planarbeidet
- Copenhagen Institute for Futures Studies – Democratising the future (webinar)
- Lefdal Mine Datacenter – opning av nasjonal lagringsinfrastruktur for vitskapelege data
- Måløykonferansen – presentasjon av planarbeidet for næringsliv og forskingsmiljø
- Inunet – presentasjon av planarbeidet for Innovasjon Norge, næringshagar og inkubatorar
- Statsforvaltaren i Vestland – møte med kommunedirektørar og beredskapskontaktar
- 5G-industriforum – digital infrastruktur og innovasjon
- Nkom – møter om høyring om planlagt utbygging og dekningskart
- Vestland fylkeseldreråd – informasjon om planarbeidet
- Vestland ungdomsutval – presentasjon av planen
- E-helse Vestland – presentasjon av planen
- IT-forum Vest sitt årsmøte – presentasjon av planen
- Kompetanseforum Vestland – presentasjon av planen
- European Platform for Vocational Excellence in Health Care (EUVECA)-presentasjon av plan

Kopling til nasjonale strategiprossar

Medan planarbeidet har halde på, så har regjeringa v/Kommunal og distriktsdepartementet (KDD) starta arbeidet med å laga ein [nasjonal strategi for Norge si deltaking i DIGITAL-programmet](#). DIGITAL er EU sitt nye investerings- og kapasitetsbyggingsprogram for digital omstilling og bruk av innovativ

digital teknologi i samfunnet og næringslivet. Resultatet av strategiarbeidet vert truleg presentert hausten 2023. Vestland fylkeskommune har levert eit administrativt innspel til strategiarbeidet. Dette ligg som vedlegg til saka.

Regjeringa v/KDD har også gjennomført ein revisjon av [den nasjonale datasenterstrategien](#). Vestland fylkeskommune har levert administrative innspel til strategiprosessane i KDD, via nettverket i Nasjonalt Breibandråd. Innspelet ligg som vedlegg til saka.

Regjeringa har i tillegg starta arbeidet med ny [nasjonal digitaliseringsstrategi](#), som etter planen skal vere klar i løpet av første halvår 2024. Strategien skal stake ut kursen for vidare digitalisering av offentleg sektor, legge betre til rette for næringsretta digitalisering og ta opp viktige samfunnsspørsmål, som behov for betre regulering av nye teknologiar – til dømes kunstig intelligens - og forholdet til tech-gigantane. Målet er sterkare samordning og utvikling av ein heilskapleg politikk som går på tvers av offentleg og privat sektor. Aktuelle tema i den varsla nasjonale strategien er digital infrastruktur, politikk for personvern, digital tryggleik og beredskap, verdiskaping med data, tilgang på digital kompetanse, behov for forskning på digitalisering, tiltak for næringsretta digitalisering, nye teknologi-reguleringar frå EU og auka inkludering i det digitale samfunnet.

Fylkestinget sitt vedtak i juni 2021 knytt til «*Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*» (PS 38/2021), om å laga ein eigen temaplane for breiband og digitalisering er dermed høgst relevant, og i forkant av utforminga av nasjonal politikk på området.

Høyringsrunden

Høyringa varte i seks veker frå 10. mars 2023 til 21. april 2023. I høyringsperioden var det gjennomført digitale møter med Kompetanseforum Vestland og Vestland fylkeseldreråd, samt fysiske møter med Vestland ungdomsutval, E-helse Vestland og IT-forum Vest. Det kom inn 21 høyringsinnspel. Under er link med kort beskriving av høyringsaktør.

- [Aurland kommune](#)
- [Bergen kommune](#)
- [Bergen næringsråd - ekspertgruppe digitalisering](#) – den største medlemsorganisasjonen for næringslivet i Bergensregionen med over 3200 medlemmer. Representerer til saman over 100.000 arbeidstakarar.
- [Chat-GPT](#) - Kunstig intelligens-assistent, programmert til å hjelpe med å svare på spørsmål og løyse problem. Utvikla av Open AI i november 2022. Bruker maskinlæring av språkmodellar til å produsere tekst. (Testa av arbeidsgruppa.)
- [DigiVestland](#) – Digitaliseringssamarbeid mellom 40 kommunar i Vestland fylke. Bergen kommune er vertskommune, og har ansvar for å drifte sekretariatet. Sekretariatet samarbeider tett med eksterne og interne samarbeidspartar som andre digi-nettverk, KS og ulike statlege organ, samt styringsgruppa i DigiVestland og Digitaliseringsutvalet Vestland.
- [Digital Innovation Hub Oceanopolis](#) – DIH Oceanopolis er eit nonprofit-konsortium av norske partnerar som fokuserer på hav- og kystbasert industri og tenesteleverandørar, smarte kystbyar/regionar og offentlege myndigheiter. Fylkeskommunane Agder, Rogaland, Vestland, Nordland, Troms og Finnmark er blant dei offentleg partnerane. Konsortiet er sikra 50 % finansiering frå EU fram til 2028, og er del av eit europeiske nettverk på 250 hubar.
- [Elev Knarvik VGS](#)
- [Fylkeseldrerådet](#) – Fylkeseldrerådet i Vestland, som eit av tre medverknadsorgan i fylkeskommunen, er eit lovpålagt organ, heimla i kommunelova § 5-12. Rådet har ni medlemmar som er oppnemnde av fylkestinget. To av medlemmane er fylkestingsrepresentantar, og sju medlemmer er valde av pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer dei eldre. Fleirtalet av medlemmane skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.
- [IT-Forum Vest](#) – Gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentleg sektor, utdanning og forskning, tek ITforum Vest initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile samfunnet i regionen. Medlemmene i IT-forum Vest er Bergen Fiber, DigDir, Eninvest, Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet, Innovasjon Norge, KS, Kunnskapsparken Vestland, SFE, Sogndal Fotball, Sognetnett, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Vestland fylkeskommune, Vestlandsforskning, Sunnfjord

Utvikling, Norec, Lotteri- og stiftelsestilsynet, Statsforvaltaren i Vestland og Framtidsfylket Vestland.

- LO Vestland – Regionkontoret er ei avdeling i LO, og er underlagt LOs politiske leiing. Sju tilsette som m.a. arbeider med informasjonsarbeid, oppsøkjande verksemd, nærings- og sysselsettingsspørsmål, utdanning, faglege rettigheter, og fagleg-politisk arbeid i samarbeid med og opp mot offentleg instansar og næringsliv.
- NHO Vestland – Norges største arbeidsgjevarorganisasjon, med ca. 3600 medlemmer på Vestlandet. Jobbar for at næringslivet på Vestlandet skal ha gode rammer for vidare vekst og utvikling.
- Næringsalliansen Vestland – Næringsalliansen er samansett av 16 næringsråd som representerer i overkant av 3000 bedrifter med meir enn 130.000 arbeidsplassar i Vestland fylke.
- Paneda AS –har gjennom et FoU-prosjekt med støtte frå Innovasjon Norge og Forskningsrådet utvikla ny teknologi som brukar eksisterande kringkastingsnett som databerar av digitale signal til varsling og beredskap over heile landet. Dette er et samarbeidsprosjekt med m.a. Telenor, NRK, Norges Televisjon, Statens vegvesen og Vestlandsforskning.
- Region Fjordane – Det er kommunane Solund, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Kinn, Stad, Bremanger, Stryn, Gloppen og Sunnfjord som er med i Region fjordane. No har også Høyanger søkt om å bli medlem. Rådet sitt føremål er å arbeide med saker av felles interesse for kommunane, fremme kommunane og regionen sine interesser overfor myndigheter og andre premissleverandørar, gi felles uttale i saker som er viktige for deltakarkommunane og regionen, og skape kreative arenaer der næringsliv, forskning og utdanningsmiljøa, og offentlege myndigheter kan samhandle. Kommunane vil også samarbeide om interesser dei har som felles bu, arbeids,- og serviceområde.
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne – skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og skal ha rett til å uttale seg i saker om personar med funksjonsnedsetting.
- Solund kommune
- Universitetet i Bergen
- Ullensvang kommune
- Vestland ungdomsutval - har ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og har rett til å uttale seg i saker om ungdom.
- Vestlandsforskning innspel 1 – eit forskingsinstitutt med base i Sogndal og forankring i Vestland. I samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale fagmiljø skal instituttet levere forskning av høg kvalitet som svarar på samfunnsutfordringar og bidreg til berekraftig utvikling. Eitt av tre fagområde er «*Teknologi og samfunn*»: stordata og nye teknologiar; regional utvikling og digitalisering; kjønn, mangfald og teknologi
- Vestlandsforskning innspel 2

Høyringsinnspelet frå Chat GPT har arbeidsgruppa henta frå eit tekst-program basert på kunstig intelligens (KI). KI, eller AI «*Artificial Intelligence*» som det heiter på engelsk, har vore i bruk i fleire tiår. Det nye no er lanseringa av KI-baserte chatteprogram som Chat GPT frå Open AI og My AI frå Snapchat. Dette har ført til ei radikal demokratisering av verktyøya. KI i form av tekstgenerator, er plutsleg allemannseige. Spørsmålet som vart stilt var:

«Skriv et høyringsinnspill til Vestland sin temaplan for bredbånd og digitalisering for perioden 2023 til 2029. Hovedsatsingene er digital infrastruktur, digital samfunnsutvikling, digital kompetanse og digital verdiskaping og innovasjon. Skriv på nynorsk.»

Det vart henta ut fleire svar, og eitt av dei er teke med i høyringsrunden. Nyttig verktoy for å sjekka satsingsområda opp mot all informasjonen på internett, men chatteprogrammet har svakheiter på fleire område. ChatGPT er berre oppdatert fram til 2021, og gir ingen informasjon om samtida. Kjeldgrunnlaget er vanskeleg å ettergå, referansane er feil, og tekst-programmet er ikkje eigna til å skriva tekst med djupne. Det meste er på overflatisk nivå.

Høringskampanje i SOME-kanalar

Dei tre siste vekene av høringsperioden vart det sett i gang ei målretta, digital profilering i SOME-kanalar segmentert på geografi i heile Vestland fylke. Utgangspunktet var å bruka TikTok, Instagram, Facebook og Snapchat. Målgruppa skulle vera ungdom i Vestland.


Vi såg fort at Tik Tok ikkje var ein relevant kanal for dette innhaldet, fordi denne kanalen krev materiell i form av ein video for å få merksemd/effekt. Kostnaden var også for høg, ifht. nytteverdien. I tillegg var det ein gryande diskusjon om sikkerheitsrisiko knytt til denne appen. Undervegs i høringsperioden bestemte Vestland fylkeskommune å følgja tilrådinga frå Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) og det vart innført restriksjonar knytt til appane TikTok og Telegram på arbeidsgjevarfinansierte telefonar og dei fylkeskommunale digitale tenestene.

Med dette som utgangspunkt gjekk vi vidare med Facebook/Instagram og Snapchat. For Facebook/Instagram var det algoritmar som bestemte om det vart flest visningar på FB eller Instagram, dvs. den plattformen som fekk mest respons ville få forholdsvis fleire visningar enn plattformen som ikkje fekk så god respons. Dette var med på å sikra at vi nådde, så godt som mogleg, dei som var relevante for kampanjen.

Kampanjen fekk mange visningar, god profilering av planarbeidet, men få ekstra høringsinnspel. Her er resultatata frå dei ulike kanalane;

Snapchat: Totalt 367 107 visningar, det vil seia at så mange har sett annonseringa, der 1 450 «sveipa» vidare til informasjon og høringside på nettsida til Vestland fylkeskommune. Bodskapen var forholdsvis smal, men vi vurderer at dette er gode resultat, og innanfor målsettinga for kampanjen, som var at flest mogleg skulle sjå annonsen. Den «grøne» annonsen fekk marginalt fleire visningar enn den «turkise».

Facebook/Instagram: Kampanjen gav totalt 337 022 visningar med totalt 277 klikk på link til høringsida til Vestland fylkeskommune. Her såg vi at det «grøne» formatet gav flest visningar og klikk, sett mot det «gule» formatet. Også her var målet at så mange som mogleg skulle sjå annonsen, og bli merksam på planarbeidet. Igjen vurderer vi resultatata som gode, med tanke på eit smalt bodskap.



Sentrale høringsinnspel

Planforslaget er godt mottatt av høringsaktørane. Ein fellesnemnar for fleire av innspela frå kommunar, næringsliv og fagmiljø er at breiband og digitalisering er svært viktig for samfunnsutviklinga i års som kjem. Vestland bør også ha høge ambisjonar om god infrastruktur, og sterke fagmiljø når det gjeld digitalisering. Under følgjer ein gjennomgang av innspel til dei fire satsingsområda som er tatt til følgje, slik at teksten er korrigert i endeleg plan. Endringa er vurdert å

vera av politisk betyding, og blir difor presentert i saksframstillinga. Meir detaljar om innspela er tilgjengeleg i den vedlagte høyringsrapporten.

a) Digital infrastruktur

Fylkesutvalet vedtok oppstart av arbeidet med temaplan for breiband og digitalisering 5. april 2022 (PS 74/2022), med tillegg om at desentralisering skulle inn som samfunns mål. Dette er ein føresetnad for at distrikt, tettstader og byar skal ha like vilkår for å ta del i samfunnsutviklinga, tenestetilbodet og moglegheitene som den raskt aukande digitaliseringa medfører.

Nasjonalt er det eit politisk mål¹ at alle husstandar skal ha tilgang til fast breiband med ein nedlastingshastigheit på minst 100 megabit/s innan utgangen av 2025. NHO, KS og fleire organisasjonar meiner dette målet er for lite ambisiøst, og vil at det skal leggjast til rette for at Norge blir eit gigabit-samfunn innan utgangen av 2025. Ambisjonen er at minimum 95 % av norske hushald, bedrifter og offentlege kontor, skal ha tilgang til breiband med hastigheit på minimum 1 gigabit. Resten skal som minimum ha tilgang til breiband med 100 megabit/s. Over 95 % av husstandane i Vestland har allereie gigabit-dekning. I planen blir hovudmålet utvida:

Vestland skal ha ein godt utbygd digital infrastruktur, både fast og trådløs. Breibandet skal vera raskt, tilgjengeleg og robust. 98 % av alle verksemdar, offentlege bygg og husstandar skal ha gigabit-dekning innan 2026. Resten skal ha minst 100 Mbit/s. Dette er ein føresetnad for at distrikt, tettstader og byar skal ha like vilkår for å ta del i samfunnsutviklinga, tenestetilbodet og moglegheitene som den raskt aukande digitaliseringa medfører.

Fleire av høyringsaktørane er opptekne av sikkerheit, redundans og beredskap knytt til den digitale infrastrukturen. Bergen kommune peikar på Digitaliseringsdirektoratet sitt arbeid med sikkerheit i forvaltninga, og KS sin rapport om styrking av digital robustheit i kommunal sektor som viktig kunnskapsgrunnlag for temaplanen. Innspelet er lagt til grunn for rolleavklaringa når det gjeld kven som har ansvar for sikkerheit og beredskap knytt til digital infrastruktur.

Temaplanen har lagt til grunn målbileta i Robin 2-rapporten når det gjeld redundant infrastruktur: I 2027 bør tettstader med meir enn 60.000 innbyggjarar ha fire fysisk skilte traséar for transmisjonsnett. I 2028 bør tettstader med 10.000 – 60.000 innbyggjarar ha tre fysisk skilte traséar for transmisjonsnett. I 2029 bør tettstader med 200 – 10.000 innbyggjarar ha to fysisk skilte traséar for transmisjonsnett. Vestland fylkeskommune vil bruka samarbeidet med kommunar og breibandaktørar til å kartleggja flaskehalsar i infrastrukturen for å få oversikt over områder som er aktuelle for Nkom si satsing på forsterka ekom.

Mange av kommunane i fylket har ikkje god nok dekning av mobilnett med 4G med moglegheit for hastigheit på 30 Mbit/s eller meir. For hastigheiter på 100 Mbit/s og høgare er dekninga enda dårlegare. Utbygginga av 5G held på først og fremst i byområda, og det manglar mykje før fylket har god dekning. I oppfølginga av temaplanen er det ei målsetting at Vestland fylkeskommune har ei meir aktiv rolle i utbygginga av mobildekning der det ikkje skjer utbygging i kommersiell regi. I praksis betyr dette eit tettare samarbeid med dei aktuelle kommunane, Statsforvaltaren og netteigarane (Telenor, Telia og Ice).

Kommunane og fylkeskommunen er viktige for å realisere datasenter av fleire grunnar. Det er kommunane som vedtar juridisk bindande arealplanar, og det er fylkeskommunen som koordinerer utbygging og har forvaltningsansvaret for tildeling og utbetaling av statleg støtte til utbygging av breiband. Utvikling av eigna areal er saman med kraft og gode nok fiberforbindelsar, dei viktigaste kriteriana for etablering av eit datasenter. For å realisere nye datasentre i Vestland er det behov for tilstrekkeleg tilgang til energiforsyning regionalt og lokalt. Når det gjeld arealplanarbeidet er det viktig at fylket legger til rette for et kompetent, samordna og heilskapleg arealplanarbeid i samspel med vertskapskommunar.

Data er ein ressurs som kan utnyttast betre. All offentlig oppgåveløysing og tenesteutvikling inneber bruk av data. Måten vi utnyttar data på er i stor endring, og opnar for heilt nye måtar å løyse oppgåver på. Auka deling av data er også ein føresetnad for meir samanhengande og skreddarsydde tenester til brukarane. Eitt av målsetjingane med plane er at det skal leggjast

¹ <https://www.nkom.no/hoeringer/hoering-bredband-stotteordning-2023>

betre til rette for vidarebruk av opne data. Vidarebruk av offentleg informasjon handlar om å gi næringsliv, forskarar og sivilsamfunn tilgang til opne data frå offentleg sektor på ein måte som gjer at dei kan brukast i nye samanhengar, skape nye tenester og gi auka verdiskaping. Ei kartlegging av potensialet på dette området bør prioriterast.

b) Digital samfunnsutvikling

Etter høyringa er hovudmålet endra slik at innbyggjarinvolvering og digital medverknad er med:

«Vestland skal nytte potensialet i digitalisering for å møte viktige samfunnsendringar knytt til aldrande befolkning, klimaendringar, truslar mot sikkerheit og nye ønskje om eit meir fleksibelt arbeidsliv. Demokratiske prinsipp, innbyggjarinvolvering og digital medverknad skal vera førande for utviklinga.»

Bergen kommune rår til at fysisk og digital beskyttelse av digital infrastruktur får betre plass i tilknytning til beredskap og sikkerheit. Innspelet er relevant for oppfølginga av planen, og temaet gjeld for alle satsingsområda. Statsforvaltaren og Nasjonal sikkerhetsmyndighet har ansvar for sikkerheitsområdet. Eigarane av den digitale infrastrukturen har også eit viktig ansvar. Det blir viktig å samordne alle aktørane på dette området. Planen legg opp til at Vestland fylkeskommune i større grad bidrar gjennom KS sitt regionale digitale digitaliseringsnettverk, DigiVestland. Det er i tråd med fleire av høyringsinnspela.

Regjeringa og KS har vedtatt ein felles digitaliseringsstrategi for offentleg sektor. Strategien inneheld konkrete mål fram mot 2025 for korleis Norge ligg an med digitalisering av offentleg sektor samanlikna med andre land. Den ser også nærare på tema som er viktig i arbeidet med å digitalisere offentleg sektor. I den årlege rapporten «Rikets digitale tilstand» presenterer DigDir kvart år nøkkeltal, utfordringar og vurderingar av måla. Vestland fylkeskommune vil leggja dette arbeidet til grunn for oppfølginga av temaplanen. På sikt kan det bli aktuelt å vurdere å talfeste regionale mål når det gjeld digitalisering.

Omtrent 14 prosent av den norske befolkninga over 16 år har liten eller ingen digital kompetanse, i følgje ein rapport frå Kompetanse Norge (2021). Samtidig fortset digitaliseringa av Norge. Alle våre elementære tenester – både private og offentlege – er digitale: helse, NAV, bank og skatt, for å nemne nokre. Høgare alder, lågare utdanningsnivå og det å ikkje vere i utdanning eller arbeid er dei viktigaste kjenneteikna ved dei ikkje-digitale. For desse gruppene har den raske digitaliseringa skapt nye utfordringar. Som skuleeigar og regional utviklingsaktør, har Vestland fylkeskommune eit ansvar for å gjera nok med dette.

Hovudutval for næring vedtok 2. desember 2019 at «*Digital allemannsrett*» i form av tilgang til digital infrastruktur, internett og digitale tenester er heilt avgjerande for at alle delar av befolkninga skal kunne ta del i samfunns-utviklinga. Vestland fylkeskommune meiner difor det bør innførast leveringsplikt for breiband til alle innbyggjarane, uansett kor dei bur i fylket. Regjeringa har varsla eit forslag til ny ekom-lov før sommaren. Innspelet frå LO Vestland er sentralt når dette lovforslaget kjem.

c) Digital kompetanse

Kunnskap er ein nøkkelfaktor for å lukkast med målsetjingane i temaplanen. Dette går igjen i fleire av høyringsinnspela, og målsetjinga på dette satsingsområdet er endra og forsterka:

Alle innbyggjarane i Vestland skal kunne ta del i den digitale utviklinga i samfunnet. Vestland skal ha ein arbeidsstyrke med høg digital kompetanse.

DigiVestland har ei sentral rolle i utvikling, deling og samordning av digital kompetanse i Vestland. I oppfølginga av temaplanen er det ei målsetting at Vestland fylkeskommune er aktiv i dette samarbeidet. Det gjev rom for læring og erfaringsutveksling, som er nyttig for alle paratar.

Temaplanen peikar også på at det viktig å tiltrekke seg, og helda på, utanlandsk kompetanse. Dette er eit viktig punkt, særleg når det gjeld internasjonalt samarbeid. Innspelet er løfta fram som eit eige punkt.

Ullensvang kommune peikar på at enkelte grupper i samfunnet fell utanfor den digitale utviklinga. Denne problemstillinga er tatt til følgje med målformuleringar om at digital utanforskap skal reduserast i Vestland. Digital inkludering blir ei sentral satsing i års som kjem.

d) Digital verdiskaping og innovasjon

Bergen kommune peikar på at kunstig intelligens og maskinlæring er høgaktuelle tema for satsingsområda som er foreslått. Vestland har fleire klyngemiljø som er innovative på desse område, m.a. Media City Bergen, NCE Seafood Innovation si Aqua Cloud-satsing, PropTech Innovation og NCE Finance Innovation. Under er det trekt fram nokre av dei andre regionale satsingane i Vestland som kan bidra til å styrke den europeiske kapasiteten innan området ved å utvikle sky-infrastruktur, legge til rette for deling av data, samt fremja testing og adopsjon av KI-teknologi i møte med sentrale samfunnsrelaterte problemstillingar.

- Universitetet i Bergen (UiB) er i ferd med etablere seg som eit av hovudseta for forskning og utdanning på kunstig intelligens i Norge. UiB AI vart i fjor lansert som ein plattform for tverrfagleg AI-forskning og samarbeid på tvers av sektorar.
- Forskningsrådet har tidlegare i år tildelt over 19 millionar kroner til eit nytt forskingsprosjekt om kunstig intelligens, stordata og sosiale medium leia av Vestlandsforskning. Prosjektet skal utvikle metodar for å avdekke og stoppe hat-prat og radikaliserings via nettet.
- Eitri helseinkubator har mål om helse-eksport for over 20 milliardar kroner. Dette vil krevja eit stort fellesløft der næring, industri, universitet og sjukehus går saman for å løyse morgondagens helseproblem på område på alt frå kreftforskning og eldreomsorg til velferdstenester og kunstig intelligens.

EU si delfinansiering av EDIH Oceanopolis fram til 2028 gjer det i tillegg mogleg for Vestland fylke å bruke EDIHen som eit subsidiert verktøy for realisering av temaplanen, i første rekkje opp mot EU-programmet DIGITAL. Det blir viktig å sjå dette i samanheng med aktiviteten i klyngemiljø, næringshagar, inkubatorar og katapultar. Områder med relevans er:

- Felles digitalt kapasitetsløft for offentleg sektor, klyngemiljø, næringshagar og inkubatorar
- Partnerskap for digitalt samarbeid frå lokalt til internasjonalt nivå.
- Understøtte og akselerere digital nyskaping, knoppskyting, innovasjon og transformasjon
- Bistå små og mellomstore bedrifter til å finne finansiering til digital nyskaping, knoppskyting, innovasjon og transformasjon

e) Andre innspel

Generelt syns Bergen kommune at dokumentet har uklare grenser og overlapp med samstyingsstrukturen som allereie er etablert på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå. Nokre av dei pågåande og gjennomførte initiativa innanfor samstyingsstyringsstrukturen er omtalt i temaplanen, mens andre relevante delar ikkje er nemnt. Bergen kommune meiner at temaplanen i sin noverande utforming vil bidra til uklarheit og fragmentert tilnærming til området. Vestland fylkeskommune ynskjer med temaplanen å bidra til betre oversikt når det gjeld digitaliseringsarbeidet. Utfordringa er, som Riksrevisjonen peikar på, at dette området er prega av svak samordning av roller, ansvar og krav på nasjonalt nivå. Regelverket er uklart, og det manglar nasjonale strategiar på viktige område.

Stat og kommune (KS) er einige om å arbeide saman om dei store framtidige utfordringane når det gjeld digitalisering. Målet er å skape løysingar i fellesskap, og ikkje kvar for seg. I dette arbeidet har DigiVestland tatt den regionale koordineringsoppgåva. Vestland fylkeskommune som regional utviklingsaktør, bør engasjere seg sterkare i dette samarbeidet. Dette er også eit ynskje frå fleire av kommunane i DigiVestland.

Styringsgruppa i E-helse Vestland og Regionalt fag- og prioriteringsutval i DigiVestland, vedtok i sine møter 21. og 23. mars 2023, å samordne seg i styringsstrukturen til DigiVestland. Prosjekta i E-helse Vestland blir vidareført i regi av DigiVestland. Velferdsteknologi og digital heimeoppfølging er eitt av totalt fem prioriterte område innan eHelse nasjonalt. Kommunal sektor sine ambisjonar på e-helseområdet er lagt til grunn for situasjonsbildet som er omtalt i temaplanen. Planen er endra slik at denne omorganiseringa er med.

NHO Vestlandet meiner det er viktig at Vestland fylke fortset satsinga på digitalisering, og håpar fylkeskommunen vil bidra med eigne midlar utover det staten bidrar med også i tida framover. Vestland er leiande i dag, og det er viktig at fylket konkurrerer heilt i toppen når det gjeld breiband og digitalisering. Ein av ambisjonane med planen er at Vestland framleis skal vera best når det gjeld digital infrastruktur, samstundes fylket utviklar seg til å vera leiande når det gjeld digital samfunnsutvikling, digital kompetanse og digital verdiskaping og innovasjon.

Avgrensing til andre planar og ansvarsområde

«Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029» er forankra i «Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.» Det er ingen grenser for kva planar, områder, sektorar, offentlege tenester og samfunnsliv som blir påverka av den raskt aukande digitaliseringa.

Oppfølging av temaplanen

Temaplan for breiband og digitalisering er ein 6-årig plan som set strategisk retning for arbeidet med å utvikla digital infrastruktur, leggja til rette kompetansen som trengs når det gjeld digitaliseringa av samfunnet, og ta del i den verdiskapinga og innovasjonen som digitaliseringa legg til rette for .

Prioriteringar og tiltak blir konkretisert gjennom årsplanane tilknytt «*Berekraftig Verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*». Dei økonomiske rammene for arbeidet blir følgd opp i årlege budsjett, og i økonomiplanen. Mål og prioriteringar skal vurderast anna kvart år, og eventuelt justerast dersom det er behov for det.

Ei tverrfagleg gruppe i Vestland fylkeskommune, med tilsette som har fagleg ansvar knytt til digital infrastruktur, digital samfunnsutvikling, digital kompetanse og digital verdiskaping og innovasjon kjem til å følgja opp planen. Denne gruppa kjem til å henta inn erfaringar og kunnskap frå den regionale partnerskapen sitt arbeid med digitalisering.

Økonomiske prioriteringar

For at Vestland fylkeskommune skal ivareta rolla som regional utviklingsaktør på dei fire satsingsområda som er prioritert i «*Temaplan for breiband og digitalisering 2023 – 2029*», er det naudsynt å setja av ressursar til oppfølging av temaplanen.

Når det gjeld satsinga på «*digital infrastruktur*» så er den i hovudsak ivaretatt med årlege løyvingar over statsbudsjettet. Det er dei dyraste og vanskelegaste tilgjengelege områda som manglar dekning, men høyringsinnspela er eintydige på at Vestland må riggast for gigabit-kapasitet på breiband. For å nå målet innan 2026 kan det bli naudsynt med tilleggsløyvingar.

Satsinga på «*digital samfunnsutvikling*» vil krevja at Vestland fylkeskommunen set av ressursar, og i større grad, engasjerer seg i KS sitt digitaliseringsnettverk, DigiVestland. Ved å gå saman i eit tettare digitaliseringssamarbeid med kommunane i fylket er det rom for gjensidig læring og erfaringsutveksling, samstundes som ein handterer endringane som kjem som følgje av den digitale utviklinga. Tre områder bør prioritera økonomisk i dette samarbeidet.

- Det eine er «*digital inkludering*». Eit stort tal innbyggjarar opplever digitalt utanforskap, og høyringsinnspela til planen er tydelege på at dette må gjerast noko med.
- Det andre er beredskap og samfunnssikkerheit knytt til digital infrastruktur og den raske utviklinga av nye, digitale tenester. Klimaendringar, sikkerheitspolitiske endringar, informasjonssikkerheit, lovverk, etikk og personvern er viktige tema som må ivaretakast på dette området.
- Det tredje er området er e-helse. Den demografiske utviklinga med aukande eldre befolkning set stort press på helse- og omsorgstenestene. Dagens helsetenester kan ikkje leverast i framtida utan stor grad av digitalisering. Vestland fylkeskommune bør bidra inn i denne satsinga med tiltak som gjer det mogleg for vår region å koma i posisjon når det gjeld nasjonale og internasjonale satsingar på e-helse og velferdstenester. Dette kan gje kunnskapsmiljøa og kommunane i fylket vårt ein sterk posisjon nasjonalt.

«*Digital kompetanse*» er nøkkelen for å lukkast med prioriteringane i temaplanen. Den grønne og digitale omstillinga medfører eit særleg behov for auka kompetanse på sirkulær økonomi, digitalisering og berekraft innanfor dei fleste yrka. Dette kan delvis møtast gjennom å legge til rette for meir tverrgående kompetanse i eksisterande utdanningar, men ynskjer Vestland eit fortrinn i konkurransen

om framtidig arbeidskraft, bør det vurderast å prioritera ekstra digital kompetanseutvikling i utdanningsinstitusjonar og arbeidsstyrke. Her har Vestland fylkeskommune eit ansvar som eigar av dei vidaregåande skulane, og som koordinator av høgare utdanning i Kompetanseforum Vestland.

Vestland treng også ei heilskapleg satsing på «*Digital verdiskaping og innovasjon*» på tvers av ulike sektorar for å legge til rette for arbeidsplassar, verdiskaping og betre offentlege tenester i heile fylket. Satsinga bør stake ut kursen for vidare digitalisering av offentleg sektor, legge betre til rette for næringsretta digitalisering og ta opp viktige samfunnsspørsmål, som behov for betre regulering av nye teknologiar – til dømes kunstig intelligens. Målet bør vera sterkare samordning og utvikling av ein heilskapleg politikk som går på tvers av offentleg og privat sektor. Digitalisering kan bidra til at folk framleis kan bu og drive næring i heile fylket, samstundes som det vert lagt til rette for grøn omstilling og vekst.

Noko av dette kan løysast justeringar i korleis det vert jobba med digitalisering, men det trengs også å setjast av økonomiske ressursar. Under fylkestinget si handsaming av budsjett for 2023 (PS 127/2022) den 14. desember 2022 vart det vedtatt følgjande verbalpunkt:

«15. Alle hystandar i Vestland skal ha tilgang til høgastigheitsbreiband og til 100 prosent mobildekning. Fylkestinget ser positivt på den auka satsinga på dette frå regjeringa. Dersom det er behov for ytterlegare midlar for å imøtekomma søknader i 2023, vil fylkestinget komma tilbake på eigna måte»

Digital infrastruktur er eit statleg ansvar. Eventuelle meirbehov vil bli vurdert i samband med budsjett 2024. Prioriteringar for resten av planperioden kan avgjerast i dei årlege fylkesbudsjetta.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vedtek regional planstrategi, regionale planar, temaplanar og sektoroverskridande strategiar ifølgje «*Reglement for folkevalde organ og delegering*».

Medverknad

Vestland fylkeskommune har tre medverknadsorgan – Vestland ungdomsutval, fylkeseldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Prosjektleiari presenterte planen for ungdomsutvalet på eit møte på Stord 3. mars 2023. Fylkeseldrerådet fekk presentert planarbeidet på eit teams-møte 7. februar 2023. Alle tre medverknadsorganane har i tillegg fått høyringsforslaget til uttale:

Vestland ungdomsutval vedtok i møte 03.03.2023 i PS 6/23 «Temaplan for breiband og digitalisering 2023 – 2029 – høyringsforslag» følgjande uttale:

- *VU ynskjer at nettvett må inkluderast i planen i ein større grad.*
- *VU meiner at lærarar lyt å sjå på alternative læringsmetodar, blant anna mobil. Ungdom er kjent med mobiltelefonen og kan difor bruke det som eit meir effektivt læringsverktøy.*
- *VU meiner at alle vidaregåande skuler i Vestland burde ha god internett tilgang på skulebygga. Etersom internett er ein viktig del av dagens læringsarena. Det er dumt vist ungdom må bruke eigne midlar på å gjennomføre skulearbeid i form av at dei må bruke mobilnett.*
- *VU vil at det skal bli oppretta ei oversikt over deltidsjobbar og sommarjobbar for ungdom i heile fylket.*
- *VU meiner at digitalisering vil bidra til betre klima og miljø ved at ein ikkje må reise like mykje får å få arbeid og annet gjennomført.*

Fylkeseldrerådet vedtok i møte 13.03.2023 i PS 12/23 «Temaplan for breiband og digitalisering 2023 – 2029 – høyringsforslag» følgjande uttale:

- *Fylkeseldrerådet ser positiv på ein god plan for å sikre mobilitet og digitale tenester som saman kan utvikle eit inkluderande og aldersvenleg samfunn. Alt må universelt utformast.*
- *Det er viktig med ei raskast mogleg utbygging av digital infrastruktur i heile fylket.*
- *Fylkeseldrerådet meiner digital inkludering og digihjelp er viktig. Deler av befolkninga har i fylgje planen, liten eller er utan digital kompetanse. Kommunar og offentlege etatar må gje eit godt nok hjelpetilbod til brukarar som treng digital hjelp.*

- Fylkeseldrerådet opplever no at digital heimoppfølging vert raskt utvikla. Dette er eit viktig tiltak sett i eit folkehelseperspektiv. Leve heile livet legg opp til at dei eldre skal bu i eigen bustad heile livet.
- For at tenestene skal bli sikre og gode er det nødvendig med eit godt og stabilt nett. Svikt kan i enkelte høve vere livstruande.
- Fylkeseldrerådet ønskjer ei rask utbygging av infrastruktur i heile Vestland fylke.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok i møte 20.04.2023 i PS 18/23 «Temaplan for breiband og digitalisering 2023 – 2029 – høyringsforslag» følgjande uttale:

«RMNF meiner planen er oversiktleg, konkret og målbar. Vi støttar måla. Men for det punktet som opptek oss mest; Digital kompetanse (3.3) manglar det tiltak for korleis ein skal medverke til digital brukarkompetanse og hindre digitalt utanforskap. Noko som er identifisert som eit stort og demokratisk problem. Mange med nedsett funksjonsevne har høg digital kompetanse og nyttar digitale hjelpemiddel dagleg. RMNF ber fylket, saman med kommunane, vurdere om denne kompetansen kan nyttast inn i opplæring av andre, og slik også skape inkludering inn i arbeidslivet.

RMNF ber om at det i planen vert utarbeidd mål og tiltak med utgangspunkt i inkludering og sett frå brukarperspektivet.»

Dei tre vedtaka er tekne med som høyringsinnspel, og omtalt i den vedlagte høyringsrapporten.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Digital infrastruktur er eit statleg ansvar. Eventuelle meirbehov vil bli vurdert i samband med budsjett 2024.

Klima: Digitalisering og bruk av ny teknologi, irekna betre utnytting av data, er heilt sentralt for å nå målet om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030, og eit klimanøytralt Europa innan 2050. FN sine berekraftsmål har vore førande for arbeidet.

Folkehelse: Omtrent fjorten prosent av den norske befolkninga over 16 år har liten eller ingen digital kompetanse, i følgje ein rapport frå Kompetanse Norge. Samtidig fortset digitaliseringa av Norge. Alle våre elementære tenester – både private og offentlege – er digitale: helse, NAV, bank og skatt, for å nemne nokre. Dersom du ikkje har digital kompetanse, blir du ståande utanfor. Digital inkludering og aktiv innsats mot utanforskap bidrar til betre folkehelse.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Temaplan breiband og digitalisering er i tråd med regional planstrategi.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Vestland fylkesting vedtek Temaplan breiband og digitalisering for Vestland fylke 2023-2029.

Under fylkestinget si handsaming av budsjett for 2023 (PS 127/2022) den 14. desember 2022 vart det vedtatt følgjande verbalpunkt:

«15. Alle hustandar i Vestland skal ha tilgang til høghastigheitsbreiband og til 100 prosent mobildekning. Fylkestinget ser positivt på den auka satsinga på dette frå regjeringa. Dersom det er behov for ytterlegare midlar for å imøtekomma søknader i 2023, vil fylkestinget komma tilbake på eigna måte»

Digital infrastruktur er eit statleg ansvar. Eventuelle meirbehov vil bli vurdert i samband med budsjett 2024.

Fylkesdirektøren ynskjer også at «Temaplan breiband og digitalisering for Vestland fylke 2023-2029» vert oversendt til departementa, KS og NHO som innspel til arbeidet med ny nasjonal digitaliseringsstrategi, som etter planen skal vere klar i løpet av første halvår 2024.